

Innspel til representantforslag om ferdigbehandling av Nasjonal ramme for vindkraft. Dokument 8:112 S (2023-2024)

Den Norske Turistforening (DNT), Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF), Naturvernforbundet, Norsk Friluftsliv, Sabima og BirdLife Norge viser til Venstre sitt representantforslag om å ferdighandsame Nasjonal ramme for vindkraft.

Fornybardirektivet

Venstre sitt framlegg om å re-lansere Nasjonal ramme er slik vi vurderer det truleg tufta på mogleg implementering av Fornybardirektivet. Fornybardirektivet legg mellom anna til grunn at det skal kartleggast og settast av førehandsgodkjende område for fornybar energi, så kalla «acceleration areas, eller «go-to-areas», med hurtigare sakshandsaming av fornybar kraft. Vi meiner at oppfølging av direktivet i form av Nasjonal ramme, kan leie til uheldige endringar i våre konsesjonssystem, så vel som nedbygging av miljørettslege skrankar og demokratiske prinsipp. Det vil kunne komme i konflikt med den retninga Noreg er i ferd med å stake ut, med betre og grundigare konsesjonsprosess for vindkraft på land, der natur, miljø og lokalsamfunn skal vektleggast i større grad enn før. Eit tydeleg fleirtal på Stortinget vedtok gjennom handsaminga av vindkraftmeldinga (Meld. St. 28 (2019-2020), energimeldinga (Meld. St. 36 (2020-2021)) og tilleggsmeldinga (Meld. St. 11 (2021-2022)), at det skal leggast meir vekt på konsekvensutgreiingar og miljø ved utbygging av fornybar energi.

Organisasjonane etterspør at rammeverket for fornybarutbygging i større grad praktiserer desse omsyna, og at plan- og konsesjonssystemet inkluderer konkrete verkemiddel for å avgrense naturtap, og dermed kan bidra til å oppfylle naturavtalen¹. Dette krev eit kunnskapsbasert forvaltningsapparat, rettsvern for naturen og opne demokratiske prosessar. Ein må ikkje risikere å svekke desse prinsippa på bakgrunn av å imøtekomme eit europeisk hurtigtog for fornybarutvikling.

Nasjonal ramme fekk massiv kritikk, både berettiga og uberettiga. Organisasjonane kan ikkje sjå at det er hensiktsmessig å sette i gang ein prosess som vil leie til ein oppblussing av desse konfliktane. Organisasjonane meiner at vi derimot er tent med å kartlegge «no-go-areas», samt prinsipp for lokalisering og tidleg avslag for å kunne møte både klima- og naturutfordringane.

Grå areal

I den grad Noreg skal imøtekomme Fornybardirektivet så er det vesentleg å lokalisere ny fornybarutbygging til allereie nedbygde areal utan restaureringspotensiale. Dei omtalte akselerasjonsområda må planleggast innanfor regulerte areal som, industriområde, gamle gruver,

¹ <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/det-globale-kunming-montreal-rammeverket-for-naturmangfold-naturavtalen/id2987476/>

grustak og liknande, og ikkje i område, der energiutbygging har vesentleg miljøpåverknad, jamfør høyringsdokumenta for Fornybardirektivet.²

Organisasjonane foreslår derfor at det vert lagt til rette for å utarbeide regionale eller interkommunale planar (etter plan- og bygningslova) for vindkraft, hybridanlegg, og bakkeanlegg for solkraft på grå areal med moglegheit for noko raskare sakshandsaming enn ordinær konsesjonsprosess. Vidare bør det utgreiast moglege insentiv for å gjere fornybarutbygging i grå areal lønsam. Ei slik løysing vil både bidra til å nå måla om tilgang på meir fornybar energi, og ivareta omsynet til natur. I kombinasjon med heimel for tidleg avslag og kriterium for lokalisering og konsesjonstildeling vil dette bidra til å korte ned saksbehandlingstida, og til at NVE kan kanalisere sine ressursar inn mot prosjekt med høg realiseringsevne. Eventuelle akselerasjonsområder for fornybar energi bør altså leggest til grå areal.

Heimel for tidleg avslag

Med tanke på den svært alvorlege naturkrisa³ og bit-for-bit nedbygginga⁴ vi står i så meiner organisasjonane at der natur-, viktige landskap- og friluftslivsområde blir skadelidande, så bør det vere mogleg å avvise utbygging på eit tidleg stadium. Dette vil samtidig bidra til å redusere tids- og ressursbruken på konfliktfylte prosjekt som ikkje bør realiserast. Heller enn å ferdigstille ei nasjonal ramme med lite tillit i befolkninga, bør ein innføre heimel for tidleg avslag og kriterium for lokalisering og konsesjonstildeling. Dette er verktøy som energimyndigheiten sjølv har etterspurt⁵, og det er lova i vindkraftmeldinga⁶. Organisasjonane meiner det er på høg tid at energi- og miljømyndigheitene får dei vurderingskriteria som trengst for å styre fornybarutbygginga unna naturområde og viktige kultur- og friluftslivsområde, og vil tilrå fylgjande liste⁷ over natur-, kultur-, og friluftslivskriterium som grunnlag for tidleg avslag og konsesjonstildeling (for landbasert utbygging):

- Verneområde og INON-områder med buffersoner.
- Store samanhengande område med urørt preg, trua og utvalde naturtypar, nasjonalt og regionalt viktige friluftslivsområde, og utvalde kulturlandskap.
- IBA-område, viktige leveområde og trekkområde for ansvarsartar, truga og prioriterte artar som blant anna villrein.
- Myr og anna våtmark, torvmark og karbonrik skog.

I tillegg må urfolk som nyttar naturområda høyrast, og deira interesser må vektleggast og ivaretakast.

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/hoyring-om-eus-fornybardirektiv-fra-18.-oktober-2023/id3023048/>

³ <https://www.ipbes.net/global-assessment>

⁴ <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2024/mai-2024/planlegger-utbygging-av-4000-km/>

⁵ https://publikasjoner.nve.no/rapport/2020/rapport2020_03.pdf

⁶ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-28-20192020/id2714775/?ch=1>

⁷ 2 Felles innspill til Energi- og miljøkomiteen (16.05.2023) fra Norges Naturvernforbund, DNT, WWF, Sabima, Birdlife, Norsk Friluftsliv og NJFF.

Oppsummert

Organisasjonane ber Energi- og miljøkomiteen om å ikkje støtte forslaget frå Venstre om å innføre eit rammeverk som set til side viktige lokale og regionale omsyn i høve natur-, kultur-, og friluftslivsverdiar, og som vil svekke tillita til plan- og konsesjonssystemet, samt den demokratiske modellen i sin heilskap.

Vi vil anmode om at komiteen understrekar at Regjeringa må jobbe for å innføre heimel for tidleg avslag og kriterium for konsesjonstildeling, samt iverksette kartlegging av, og insentiv for fornybarutbygging på grå areal.

Med helsing

Dag Terje Klarp Solvang
Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Bente Lier
Generalsekretær
Norsk Friluftsliv

Siri Parmann
Fagsjef
Norges Jeger og Fiskerforbund

Christian Steel
Generalsekretær
Sabima

Truls Gulowsen
Leder
Naturvernforbundet

Kjetil Solbakken
Generalsekretær
BirdLife Norge